



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon til flytebrygge og fritidsbustad - Lindås - gnr. 141 bnr. 67 - Kvamme nedre.

Vi viser til brev frå kommunen datert 02.01.2019. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for etablering av flytebrygge og fritidsbustad med to einingar for utleige.

Eigedomen ligg innafør reguleringsplan Kvamsvågen plan-id 1263-25082004, og er i planen sett av til turistføremål. Reguleringsplanen har ikkje byggjegrænse mot sjø og det er søkt dispensasjon i frå § 1-8. Vidare går det fram av søknad at denne inneheld søknad om etablering av småbåthamn innafør området SBH2. Reguleringsføresegn 7.2.2 opnar opp for småbåthamn innafør dette område med inntil 20 båtplassar. På gnr. 141 bnr. 11 er det etablert småbåthamn og kommunen vurderer at dei 20 plassane allereie er etablert på denne eigedomen. Det er difor naudsynt med dispensasjon frå reguleringsplanen sin bruk av sjøområdet jf. reguleringsføresegn §§ 7.2 og 7.2.2.

Det vert også søkt om flytting av parkering, utviding av veg og trapp ned til gangsti. Vi kan ikkje sjå at kommunen har tatt stilling til dette i oversendingsbrevet, men etter det vi kan sjå vil det vere naudsynt med dispensasjon for desse tiltaka også.

Fylkesmannen si vurdering

Slik vi forstår søknaden er det snakk om oppføring av fritidsbustad for utleige, småbåthamn/anlegg, flytting av parkering, utviding av veg og trapp ned til gangsti.

Fylkesmannen si vurdering er at det er uheldig å dispensere frå ein reguleringsplan, ein bør i staden gjere ein planendring. Ein dispensasjon i denne saken kan føre til presedens for bygging av småbåthamner/anlegg i dette området. Ved ei endring av plan kan ein få lagt inn ein byggjegrænse mot sjø og gjort naudsynte vurderingar om det kan byggjast fleire småbåthamner/anlegg her og kva omfang som er forsvarleg med tanke på viktige planomsyn som til dømes strandsona.

Vi vil elles si at vi oppfattar at flytebrygga, som det her søkast om, ber meir preg av eit småbåtanlegg enn ei småbåthamn. Ein småbåthamn skal i utgangspunktet vere eit større anlegg som marinaer og gjestehamner, medan småbåtanlegg er mindre småbåtanlegg knyt til hytter, bustader og naust.



Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til småbåthamn/anlegg. Om kommunen ønsker fleire småbåthamner/anlegg i området må dette utgreiast og vurderast i samband med endring av reguleringsplanen.

Fylkesmannen ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent